

HYRDINGEN



NR. 2

April 2017

ÅRGANG 59

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



God påske!

*Forbør for Kari Vik Stuhaug i Ølen kyrkje.
Den nye soknepresten i Ølen og Bjoa.*

Sideoversikt:

Presten har ordet	2
Redaksjonspennen	3
Min song	3
Kari Vik Stuhaug innsett som sokneprest for Bjoa og Ølen	4
Årsmøte i Søndagsskulekretsen	5
Godhet i praksis	6

Påskeutstilling på Kårhus bedehus	6	Konfirmantar 2017	11
Ei salmtereise	6	Lys vaken	12
Den store skattejakta...	7	NMS fyller 175 år	12
Kyrklege handlingar	8	Frå kyrkjeboka	13
Luther med latter...	8	Gudstenester	14
Nysatsing på Feedback	9	Møter og kungjeringar	15
Med hjarta i kyrkjelydane	10	Familieir på Gullingen	16



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland
Epost: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3201.53.18049
Adr. Skjold kyrkje
Postboks 6, 5574 Skjold
Layout/trykk: A1 Grafisk Idè, Ølen

SOKNEPRESTANE:

Soknepresten i Ølen

Kari Vik Stuhaug
Rådhusplassen 1, 5580 Ølen
Tlf 53 65 65 41 / 472 53 529
kari.vik.stuhaug@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Tysdag kl. 9 – 11 og torsdag
kl. 14.00 – 15.30, elles etter avtale.

Soknepresten i Skjold

Jon Ådnøy, Skjold kyrkje,
Pb. 6, 5574 Skjold.
Tlf. 53 65 57 94
Mobil: 932 45 645
jon.adnoy@vindafjord.kommune.no
Kontorass. Tove Standal Vaka
Tlf. 53 65 57 96
Soknepresten i Vikedal
Harald Eintveit, Vikedal kyrkjekontor,
Kyrkjevegen 11, Pb. 40, 5586 Vikedal
Mobil 413 25 280
harald.eintveit@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Tor 9-15
Mandag er prestane sin fridag.

Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Haugaland prosti:

P.b. 612, 5501 Haugesund
Tlf 52 80 95 00
Prost Rune Steensnæs Engedal
Mobil 918 34 019
Prostiprest Elbjørg Andreassen:
Mobil: 952 46 234

Kyrkjeverja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

Soknerådsleiarar:

Skjold og Vikebygd:
Brit Nelly Ness Tveit
Ølen og Bjoa: Per Ølfarnes
Sandeid: Tore Tokheim
Vikedal: Andreas Andreassen
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vats: Grete Skeie Sørhus

Presten har ordet

Sokneprest i Vikedal, Harald Eintveit



Påskelivet

Det er Gud som handlar på påskedag. Noko grensesprengjande nytt hender. Gud sjølv demonstrerer at det berre er han som er herre i tilverret, herre over livet og herre over døden.

«Tidleg om morgonen første dagen i veka», lyder det hjå evangelisten Johannes. Det er som eit ekko frå skapingsdagen. Skaparunderet skjer. Guds veldige kraft og makt reiser Jesus Kristus opp ur gravkammeret. På same måten som det i tidenes fyrste morgen lydde: »Det skal bli lys» lyder det på påskemorgon: «Det skal bli liv.» Både skaping og oppstode er like ufatteleg. På påskedag vert det skapt noko nytt av Gud. Døden og dødens destruktive krefter, som hadde så stor ei makt, er gjort til inkjes. Mennesket var prisgjeve dei vonde maktene i livet, men i påskemorgonrauden innleia Gud ei ny tid, den levande vona si tid.

«Krist stod opp med velde, han synd og daude felde», syng me. Dermed er kontakten med langfreitag intakt. Det er nemleg den krossfeste Kristus som er oppstadten. Han som vart ei soning for syndene våre, han som let seg gravleggja i ei menneskegrav,- han er det som har sigra. Dermed har Gud sagt sitt JA til soninga og døden Jesus måtte gjennom. Oppstoda er Guds segl på soningsverket. Påskemorgon er stadfestinga på Guds siger over den vonde og dermed over den makt som bind oss i vårt opprørske val. Påskemorgon sprengjer døden som syndekonsekvens!

Så er spørsmålet: Korleis kan denne sigeren verta min og din siger? «Krist stod opp med heider. Han oss til himmels leier» syng me vidare. På ein måte er himmelen alt vårt. Sigeren er vunnen. Difor seier også Paulus si grande med døden for augo: «Død, kvar er din brodd? Død, kvar er din siger? Men Gud vere takk som gjev

oss siger ved vår Herre Jesus Kristus!» (1.Kor. 15,55). Ser me det slik, er sigeren vår og me har grunn til udelt glede. Salmediktaren og den gamle Bjørgvin-bispen Johan Nordahl Brun syng det ut på denne måten:

*Jeg har vunnet, Jesus vant
Døden oppslukt er til seier.
Jesus mørkets fyrste bandt,
Jeg den kjøpte frihet eier.
Åpen har jeg himlen funnet.
Jesus vant og jeg har vunnet.*

Slik kan songen tona i tillit til påskanåden, og det er denne tilliten som fører til at noko nytt står opp i vårt eige liv; noko som ikkje var der før. Ei levande tru!

Denne påsketrua forpliktar oss til å stå på livets side. Ikkje berre på den måten at me ropar ut sigersmeldinga og alt det Den oppstadne har å seja for oss. Som sigersvisse Kristus-ambassadørar er me kalla til innsats og kamp for å verja alt livfødt og ufødt – som Gud har skapt og held oppe. Difor er me kalla til kamp mot dei kreftene i samfunnet som undergrev respekten for livet og livgjevaren. Ein kamp på brei front: Mot krig, undertrykkjing, fornedring, terror, hatkriminalitet, mobbing, svolt, forureining av elvar og vatn, fjordar og luft. – Ei unnasluntring her er ikkje mindre enn eit svik mot han som har skapt livet.

Jesus brukte heile livet sitt til å tras-sa dødskreftene og gav livet alltid ein ny sjanse hjå alle som var merkte av øydeleggjarens og dødens makt. På påskedag tok Gud ved Jesus sluttoppgjeret. Alle som sit med si svake tru i mørkre og dødsskugge og som er nær ved å gje opp håpet i livskampen, nær ved å kutta ut meiningsa med livet sitt, dei får nytt mot gjennom lyset og livet frå påskedag.

Signa høgtid ved fjord og fjell!

Redaksjons- PENNEN



Av Steinar Skartland

Tid for årsmøte!

Årsmeldingar er presenterte i seks årsmøte i kyrkjene våre. Dei vitnar om eit stort og omfattande arbeid som sokneråda, tilsette og frivillige har leia. Trusopplæringsarbeidet har gjort det livlegare i kyrkjene. Familiegudstenester og skattekister høyrer med om frammøtet skal vera godt. Nokre kyrkjer kan syna auke i frammøtet, andre tilbakegang eller stabilt. Du kan lesa alle årsmeldingane på www.hyrdingen.no

Kyrkja på eigne bein

Frå nyttår av vart kyrkja sjølvstendig, men kostnadane med å vedlikehalda og drifta desse vakre bygga våre, skal finansierast av stat og kommune. Alle som betaler skatt, bidrar i fellesskap. Midlane vert fordelt til alle trussamfunn etter medlemstalet, ikkje berre til kyrkja. Fellesrådet var nyss på synfaring ved alle våre åtte kyrkjer. Vindafjord kommune har sett trøngen for å ta eit ansvar for å sikra kyrkjebygg og kyrkjegardar med ein ekstra million til vedlikehald i seinare år. Nå er det ny veg og parkeringsplass ved Ølen kyrkjegard som står for tur, og arbeidet startar snart opp.

Kyrkjebygga er viktige kulturygg som mange har eit forhold til. Men døra er så altfor ofte stengd. Kan vi klara å løfta meir aktivitet inn i kyrkja enn berre gudstenester? Konserter og kulturarrangement som ikkje strid mot kyrkjebygget sitt føremål? Korøvingar, aktivitetar for born, ungdomsarbeid? Skjold kyrkje er den nyaste kyrkja. Her skjer det noko mest kvar dag, i rom som er eigna for mange ulike tiltak. Slik bør vi prøva å få det til også andre stader – tilpassa bygget sine eigenskapar. La det bli ein vane å gå til kyrkja – også utanom gudstenester, bryllaup og gravferd.

Vi har så lett for å fokusera på dei som melder seg ut. Ved kvar barnedåp er det foreldre som melder

MIN SONG

Av Ingrid Mathilde Sørvåg

Mange av oss er glade i den kjende julesongen «Det lyser i stille grender». Då Jakob Sande var berre 25 år, i 1931, skrev han «Du som låg i natti seine». Denne salmen er ikkje like mykje brukt, og eg vil gjerne dela teksten med fleire. Det er ein sterk tekst, som ikkje treng fleire ord.

Salmen vender seg til Jesus, han skriv om lidinga på Skjertorsdagnatta i Getsemanehagen og korsfestinga på Langfredag. Han skriv om si eiga svake tru, og ber om å få styrke.

Det gjer noko med meg å lesa: «Lær mi sjel kor du laut lida, syn meg såret ditt i sida. Styrk og nør mi veike tru.»



Min song er denne gongen presentert av Ingrid Mathilde Sørvåg. Opphaveleg frå Vikebygd, men har budd mange år på Torvastad som lærar. Nå har ho sin arbeidsplass på ungdomsskulen i Skjold der ho underviser kjekke 10. klassingar. Med hytteplass på Dommersnes i Vikebygd er ho også aktivt med i kyrkje og bedehus i bygda der ho vaks opp.

Påskesalme

Av Jakob Sande, Norsk Salmebok nr 130

Du som låg i natti seine
Sorgtung vanvord og aleine
Skjelvande på såre kne
Du som skåli trufast tømde
medan alle dine rømde
Stridsmann frå Getsemene

Du som spotta vart og banna
Kront med klongerkrans om panna
Medan augo brann i sorg
Du som stod i namnlaus pine
Skild frå dei du kalla dine
Einsam i Pilati borg

Du som hekk til krossen nagla
Medan blodut sveitte hagla
Frå di panne då du sa:
“Fader, kvifor gjekk du frå meg?”
Å lat nådens blodstraum nå meg!
Offerlam frå Golgata

Lær mi sjel kor du laut lida
Syn meg såret ditt i sida
Styrk og nør mi veike tru
Syn meg dine merkte hender
Så eg frelst mitt auga vender
Opp til deg på krossen du

borna sine inn i kyrkja. Prosent-talet medlemmer i vår kyrkje er nok lågare nå enn på 70-80 talet, men medlemstalet har ikkje endra seg stort. Sidan eg gjekk på skulen har folkettalet auka med 25%. Mange innvandrar tilhøyrer andre kristne kyrkjer eller andre religionar. Pr 31.12.2016 var det 3.750.705 registrerte medlemmer i Den norske Kyrkja, ikkje så ulik medlemstalet på 70-talet. Eg vel å sjå det positive i dette: 32.542 vart innmeld gjennom dåp i fjor. Likevel – kyrkja må tilpassa seg den nye tida.

Bladpengar

Likar du Hyrdingen?

Då vonar vi at du kan hjelpe oss med å finansiera kyrkjebladet. Bruk giroen vi la med i sist nr til bladpengar eller gåve.

Konto: 3201.53.18049
Hyrdingen

Kari Vik Stuhaug innsett som ny sokneprest for Bjoa og Ølen



Den første gudstenesta var i Bjoa kyrkje 5. mars

Av Steinar Skartland

Søndag 12. mars var det feststemning i fullsett Ølen kyrkje som hadde plass for alle aldersgrupper. Prost Rune S Engedal var komen frå Haugaland prosti sitt kontor i Haugesund for å stå for ei høgtideleg innsetjing av Kari Vik Stuhaug i tenesta som sokneprest.

Ei ramme av familiegudsteneste med fire dåpsbarn, førsteklassingane som både fekk bok og fekk vera forsongarar, bønevandring og konfirmantar som deltok. Jo, dette

høvde nok godt for ein nytilsett prest som dei siste åra har vore leiar i Felles TrusopplæringsUtval (FUT) og ivra for trusopplæringa av born og ungdom.

Medan prost og påtroppande prest stod framme og lydde på, innleia soknerådsleiar for Bjoa og Ølen, Per Ølfarnes, innsettингa med å lesa opp brevet frå bisikopen. Dette innleia med orda: - I kraft av tilsynsembetet mitt gjer eg kjent for Dykk at Kari Vik Stuhaug er vigsla til presteteneste i Den norske kyrkja. Ho er no kalla til prest i Haugaland prosti, med tenestested Ølen

og Bjoa. Eg gjev henne med dette kyrkja sitt brev på at ho er kalla som kyrkjelyden sin rette prest, og let henne innsetje i den tenesta som er tilført henne.

Prost Engedal la vidare vekt på at tenesta også vil vera i heile Vindafjord -Eg kjenner deg, Kari, som ein person som er glad i Jesus og glad i menneska, var mellom orda frå prosten i talen til den nye soknepresten. Han la vekt på Jesu gjerning og korteis Kari skulle få dela dette vidare. Han ynskte ho velkommen og fekk med seg heile kyrkjelyden i eit samstemt: -Velkommen Kari!.



Prost Rune S. Engedal leia innsetjinga.



Kyrkjekaffi og fest etter gudstenesta.

Dei gjekk så over til forbønshaldninga for Kari, knelande ved altarringen med kateket Britt Karstensen på eine sida og soknerådsleiar Per Ølfarnes på den andre. Saman la dei hendene sine på henne under bøna.

Vidare gjennom gudstenesta var det den nye soknepresten som tok over. Ho tala om Jesus som vekte opp Jairus si dotter, som etter sjukdom var død. Dette illustrerte ho med ting frå «skattekista»: Bandasje, ein figur og bønekort. Ein tale som både dei små og dei store kunne forstå og få med seg. Og borna som hadde vore med på trusopplæringsstiltaket «Den store skattejakta» fekk vera med både i prosesjon inn i kyrkja, som forsongarar og som del av den store kyrkjelyden som saman fekk ynskja Kari velkommen til teneste.

Fest på Kyrkjetunet

Men denne søndagen var ikkje første tenestedagen. Søndagen før

hadde ho si første gudsteneste på Bjoa. Her ville også sokneråd og kyrkjelyd ynskja henne velkommen både med ord og blomar.

Då gudstenesta i Ølen var over samla ein del av kyrkjelyden seg på Kyrkjjetunet til kyrkjekaffi, talar og gode ord til og om Kari. Per Ølfarnes som leia festen, utfordra Kari til å presentere seg sjølv. Litt av det ho då fortalte var dette:

Kari vaks opp i Ølen, men har budd 21 år nå på gard i Sandeid. – Det er Harald Olav som er bonde og eg er gartnar med ansvar for hagen, fortalte Kari som la til at ho nok ikkje gjekk så ofte i fjosen, - men eg veit litt om korleis bondelivet er og har mange erfaringar, sa ho som har tre vaksne søner og fleire barnebarn.

Etter teologisk utdanning reiste ho i misjonærteneste i Ecuador, for Santalmisjonen og seinare Normisjon.

Kom heim derfrå i 1996 og vart prest i Skånevik og Etne eit år og deretter som sjukehusprest. Litt forskjellig etter det, m.a. utdanning i familieterapi. Dei siste 10 åra har ho jobba innan psykisk helsevern i Helse Fonna, med læring og meistring. I eit team som har ansvar for å tilretteleggja kurs og opplæring for pasientar og pårørande i forhold til det å leva med psykisk liding og rusavhengighet.

– Eg har også hatt kurs og opplæring av personell, då særlig ift barn som pårørande, sa ho.

– Erfaringar frå desse sidene av livet tenker eg at eg vil ta med meg inn i den nye tenesta.

Seinare år har Kari vore oppteken av trusopplæring, i sokneråd og særlig som leiar av Felles utval for Trusopplæring. Ho hadde mange tankar om prestetenesta, gudstenesta, kyrkja og liturgien. Og kyrkjelyden tok vel imot henne, også med gode ord frå talarstolen denne festdagen.



PRESSEMELDING

Årsmøte i Søndagsskule- kretsen

Marianne E Knutsen (ny leiar)

SØNDAGSSKOLEN Karmsund-Sunnhordland krets omfattar kommunane mellom Boknafjorden og Bjørnefjorden og i fjar kom over 2500 barn på ein av dei 76 søndagsskulane som utgjør søndagsskolekretsen.

7.mars 2017 var søndagsskuleleiarar samla til Årsmøte på Stemnestaden i Tysvær. Søndagsskulekretsen har to personar tilsett i til saman 120% stilling. Kretsen si oppgåve er å styrka dei lokale søndagsskulane og driv difor eit aktivt arbeid med både kurs og samlingar for leiarar, hjelpeleiarkurs, fleire leiarar, søndagsskulebesøk, produksjon av

radiosøndagsskule og deltaking på ulike familiearrangement.

Kretsen har opparbeida seg god likviditet, og driftsrekneskapet for 2016 viste eit lite overskot på 17000 kr. Rekneskapet vart vedteken saman med budsjett for 2017.

Etter årsmøtet har kretsstyret følgjande samansetting:

Leiar Marianne E. Knutsen frå Karmøy.

Merete Ø Sortland og Margaret Gjerde frå Bømlo, Sissel Engedal Ek frå Haugesund, Øyvind Halvorsen og Johanne Lomheim frå Karmøy, Jorunn Baustad frå Tysvær, Gunn-

bjørg Nesbu frå Vindafjord, Nancy Johanne Asheim frå Stord og Britt Marie Westman frå Røvær.

Etter årsmøtet var det inspirasjonsforedrag med Rune Øystese frå NLA høgskulen i Bergen. Hans tema var: "Kvífor er bibelforteljingane viktigare enn andre forteljingar?" Han snakka til ei lydhør forsamling og sa m.a. at i ei usikker verd kan bibelforteljingar vi kjenner oss igjen i få betydning for live våre og hjelpe oss til å forstå.

*Søndagsskolekonsulent Elisabeth Fauskanger: Mob 952 74 976
e-post: ks@sondagsskolen.no*

Godhet i praksis

Av: Gunhild Marie Osaland

Kyrkjetunet og Vågen bedehus arrangerer Godhet 2017. Datoen i år: Lørdag den 20. mai + evt. fredag den 19. mai om det blir mange oppdrag.

Me har fått eit intervju med leiar for Godhetsdagen, Liv Herborg Wold.

Kvifor har de godhetsdag i Ølen og Vågen?

Me har erfaringar frå to år med godhetsdagar og det har vore så veldig godt at me vil gjera det i år også.

Kven kan få hjelpe denne dagen?

Me prioriterer eldre og sjuke som treng hjelpe til å ordna i hage eller vaske i huset.

Kva kan de hjelpe folk med?

Me kan gjera førefallende arbeid i hage og rydda i garasje. Innomhus kan me hjelpe til med husvask eller liknande. Dei som mottekk godhet skal ikkje betala for det. Dette er gratis.



Kor kan folk henvende seg dersom dei har noko dei treng hjelpe med?

Ta kontakt med underteikna. På telefon eller på e-post. Folk kan og gje beskjed visst dei har snakka med nokon som treng hjelpe. Alle får beskjed om dei får hjelpe eller ikkje. Me håper å seia ja til mange, men det er avhengig av kor mange som blir med.

Kven kan vera med å hjelpe denne dagen, og korleis er opplegget?

Alle kan vera med å hjelpe til. Små som store. Opplegget blir slik:

Folk melder seg på og me spør kva dei kan bidra med. Oppdrag blir tildekt av oss i leiargruppa. Folk registrerer seg på Kyrkjetunet, betalar ein sum for å vera med, og blir eigar av godhets T-skjorta. Det blir makspris for familiar. Registreringa startar kl. 10:00. Ei gruppe kører ut mat og drikke til dei som jobbar.

Sjå også på www.Kyrkjetunet.no eller på facebooksidene til Kyrkjetunet og Vågen bedehus.

Kontaktperson:

Liv Herborg Wold. Tlf 98 88 55 60
E-post: livhwold@gmail.com

Frist for påmelding:
Torsdag den 11. mai



Påskeutstilling på Kårhus bedehus

Av Øivind Jørnsson

I over ti år har Synnøve Stødle laga til ei utstilling som illustrerer hendinger knytte til påsken. Mange har hatt glede av å sjå påskebodskapen framstilt på denne måten. Utstillinga er sett saman av bl.a. gamle plansjar frå skolar og gjenstandar frå Israel. Dette er eit tilbod til søndagsskole og skole, og utstillinga kan ein sjå i veka før palmesøndag og fram til skjærtorsdag. Er det nokon som har lyst til å gå innom Kårhus bedehus saman med barn eller barnebarn i denne perioden, kan dei kontakte Synnøve Stødle på tlf. 91338438.



Ein del av utstillinga.

Ei salmereise mot påske med Eyvind Skeie

Av Ole A. Aadland

Torsdag den 6. april innbyr Kyrkjetunet til ei salmereise med Eyvind Skeie. Det går mot påske, og det er naturleg at påskeevangeliet blir ein viktig del av temaet denne songvelden.

Eyvind Skeie er fødd i Bergen i 1947 og bur i dag på Kolbotn. Han er utdanna teolog og ordinert prest, men har arbeidd det meste av livet som forfatar og formidlar på mange område.

I forfatterskapen sin har han skrive mykje for born, både songar, manuskript til TV-program og barnebøker. Men like mykje har han skrive for vaksne: biografiar og faglitteratur av ulik art. Han er også mykje brukt som føredragshaldar. No for tida er han t.d. sterkt engasjert som førelesar om Martin Luther og reformasjonen.

Mest kjend for oss er han truleg som salmediktar. Og det er som salmediktar

tar og salme-syngjar me skal verta kjend med han her hos oss. Salmane hans finst i dei fleste song- og salmebøker i landet vårt. I Norsk Salmebok (2013) har han 38 sjølv-skrivne salmar og 17 omsette salmar. Her hos oss skal me syngja salmar frå hans eiga songbok «316» som han gav ut i 2007.

Skeie vil sjølv vera føre-songar og fortelja litt om korleis dei ulike songane har vorte til! Me håpar mange vil slutta seg til det store songkoret!

Den store skattejakta i Skjold Kyrkje

Av Hanne H Brekke

Skattejakta er ein del av trusopp-læringer i kyrkjelydane i kommunen. Førsteklassingane i Skjold har tre ettermiddagssamlingar i kyrkja, før dei avsluttar med delta-kong på gudsteneste 26. mars.

Else Gurine Stople leia samlinga med god hjelp frå fleire vaksne. Dei starta samlinga med å pusle saman biletet av skattar i kyrkjerommet. På bileta fann dei både prekestolen og lysgloben. Ungane var aktive og hadde fleire gode spørsmål. Men ein gong vart det heilt stille. Det var då

Else Gurine fortalte historia om tollaren Sakkeus som klatra opp i morgbærtreet for å sjå Jesus. Møtet mellom Jesus og Sakkeus vart illustrert på flanellografen, og historia fanga merksemda til ungane, før dei fekk leita etter sjokoladepengar i kyrkjerommet.

Etterpå var det film og kjeks i kjellaren før dei kom opp i kyrkjerommet att. Der jobba førsteklassingane med eit smykke. For kvar samling får dei tre ein ny ting inn på smykket som skal minne dei om det som har vore tema for dagen. Denne ettermiddagen fekk borna ein mynt på smykket. Den skulle minna dei om historia om Sakkeus som møtte Jesus. Tollaren som angra på at han hadde tatt pengar frå andre, og gav attende meir pengar enn det han før hadde tatt.



Kyrkjelege handlingar for ikkje-medlemmer av Den Norske Kyrkja

Av: Inghart Lasse Tveit

Både sist år og så langt dette året har det vore langt fleire utmeldingar frå Den norske kyrkja enn det som har vore vanleg i dei føregåande åra her i kommunen. Dette kan medføra ein del konsekvensar med omsyn til dei tenester som vert utførde frå kyrkja si side, i særleg grad ved gravferder, som det kan vera greit å informera om.

For det første medfører endra medlemsstatus ingen konsekvensar med omsyn til grav på kyrkjegarden. Her

har alle innbyggjarar i kommunen rett til grav etter dei reglar som til ei kvar tid gjeld - utan omsyn til kva trus- eller livssyntessamfunn ein elles har vore medlem av - eller om ein ikkje har vore med i noko samfunn.

Skilnaden mellom medlemmer og ikkje-medlemmer gjeld då sjølvे gravferdshandlinga i kyrkja - inkludert prestetenesta, kyrkjetenar og organist. Her vert det då slik at ikkje-medlemmer ikkje utan vidare har rett til bruk av kyrkjebygget og til kyrkja sitt personell ved gravferd. Såleis har sokneprestane ikkje plikt til å forretta

gravferd for ikkje-medlemmer. Dette utelukkar sjølvsgatt ikkje at slik gravferd likevel kan finna stad. Vilkåret er då at vedkommande prest seier seg viljig til dette, og at vedkommande sokneråd - etter søknad - stiller kyrkja til rådvelde og at fellesrådet også stiller sitt personale til rådvelde (organist, kyrkjetenar m.v.). Det vil vidare vera ein føresetnad at gravferda skjer etter Den norske kyrkja sin gravferdsliturgi. Ein må også rekna med å dekka kostnadane som dette medfører - såleis har t.d. bispedømmerådet fastsett takstar for prestetenesta i slike tilfelle.

Luther med Latter i Skjold Kyrkje

Av Steinar Skartland

Det er ikkje kvardagskost med teater i kyrkerommet, men 21. februar var kulissar rigga opp framme i Skjold kyrkje. Ryfylke Livsgnist presenterte 500 år i lutherske fotspor, med glimt i auga. Framsyninga samla ei halvfull kyrkje og låtten sat laust, den kvelden.

Ryfylke Livsgnist er ei bedrift frå Finnøy som driv med kulturformidling, fortalte Svanhild Spanne. – Dette var den 12. framsyninga deira og dei hadde planlagt totalt 35 förestillingar gjennom heile året, der dei har forma kyrkjhistoria frå Luther slo opp 95 tesar mot avlatshandelen på slottskyrkja i Wittenberg i året 1517, og fram til i dag. Dette er truleg den enkelthendinga som har prega Europa og Noreg mest. Her fekk vi ikkje berre med oss tysk historie frå reformasjonen. Framsyninga dreidde etter kvart over på meir norske forhold med m.a. Hans Nielsen Hauge og vekkingsrørsler på bedehusa, opp til i dag.

På heile turneen er dei 8 som deltek, men ikkje alle samstundes. På scenen denne kvelden stod Tor Øyvind Skeiseid som Martin Luther, Leif



Arild Steen som professoren og konfirmant, og Svanhild E. Spanne som forteljar og misjonskvinne som også formidla gjennom song. Musikk under framføringa var det den dyktige gitaristen, Einar Olsen, som stod for. Ein kyrkje med folk frå fleire bygder i Vindafjord fekk oppleva mest to timer glad framføring der skodespelarane også hadde innhenta lokal kunnskap om kristenliv i Skjold. Dette var på ein naturleg måte lagt inn i förestillinga og ga nok endå meir interesse for dei som kjende igjen personar, gardsnamn og lokale historiske hendingar.

Her fekk ein vera med på eit historisk og humoristisk skråblikk på kva Lutherdommen har ført med seg gjennom 500 år i våre bygder og byar. Ein historietime der vi fekk friska opp att kunnskapen om korleis kyrkje og kristenliv har utvikla seg fram til i dag. Luther-jubileet held fram med mange ulike arrangement gjennom heile året, i kyrkjer, på misjonsstemne NMS si Generalforsamling mm. På mange av desse kjem også Luther med Latter til å bli framførd. Så den som ikkje fekk med seg framsyninga i Skjold kan kanskje få dette med seg i ein av nabokommunane.



Huset i Ølen er sjølveigd med stilig oppussa og flotte lokale

Nysatsing på Feedback

Av Ingfrid B. Hystad

Feedback ungdomsarbeid i Ølen lever i beste velgåande, nærmere 30 år etter starten. Sjølv om det har vore oppturar og nedturar gjennom åra er Huset i Eiodalen stadig ein flott plass å møtast. I år er det til tider like mange vaksne som ungdom på Feedback, til glede og utfordring. Det er to grunnar til det: ekstra mange vaksne og forholdsvis få ungdom.

Mot slutten av førre skuleår var det ein del foreldre og andre vaksne som møttest fordi dei såg behovet for å hjelpe til å få arbeidet "opp" igjen. Det hadde då vore ei ordning med Feedbacktreff anna kvar veke (mot tidlegare kvar), lite hjelp til styre/administrasjon og minimal medlemsauke. På dette ressursmøtet vart det sett opp ein plan der mange frivillige vaksne forplikta seg til å være med på fredagskveldane. Ansvarsoppgåver vart fordelt mellom hjelpe og administrasjon av dei ulike aktivitetane kor/song/musikk, kjøkkengruppe og mekkegruppe. Det vart òg sett opp vaksne til å hjelpe inn mot styreoppgåver og til å avtale med andaktshaldarar.

Ungdommane har uttrykt glede og støtte i det å ha fleire vaksne med i drifta av ungdomslaget, og administrering av arbeidet har vore letta



Mekkegruppa skrur og sveisar

mykje for dei. Målet er auka tryggleik og stabilitet i arbeidet, og at òg dei ungdommane som har tatt på seg ansvar kan få slappe av, være sosial på arrangementet og har mulighet til å ta fri om det trengst.

Huset i Ølen er sjølveigd, stilig oppussa og flotte lokale for eit stort spekter av aktivitet. Storsal med kafédel, godt kjøkken for større samlingar, mange grupperom og stor garasje.

Det er ein flott gjeng ungdom som møttest kvar fredag 19.30 til 23.30, dei fleste veldig trufaste. Dette vitnar om stor trivsel! Dei er med i den aktiviteten dei trivs best med, og samlast seinare til ei felles samling. Her er det ein kort andakt, informasjon, song og vidare blir det servert nydelege rettar frå kjøkkenet kvar gong. Mykje sosialt siste del

av kvelden med leikar, spel og snopekiosk. Og då trekk sjølvsagt dei vaksnaste seg høveleg tilbake...

Feedback legg òg til rette for ulike arrangement i og utanom fredagskveldane, med weekend, ungdomskonferanse, karneval, julebord og meir.

Dessverre er det for få som får del i dette fine fellesskapet, syns dei som er der. Dei trives kjempegodt og kjem til å fortsetje samlingane uansett antal, men skulle gjerne hatt med fleire. Det ligg godt til rette med buss som går frå Skjold til Ølen og heimatt. Det er ikkje veldig mange tilbod med kristen profil for ungdom i bygdene, dette er eit vi bør ta godt vare på.

Velkommen til fleire, både ungdom som vil prøve Feedbackfellesskapet og til vaksne som ynskjer å bidra.



- Det er eit poeng at kyrkjelydsmedlemer ikkje må vere altfor travle! Vi treng tid til våre medmenneske, både våre nærmeste og dei som bur i kyrkjelyden, seier påtropende biskop Ivar Braut.
(Foto: Tove Marie Sortland)

Med hjarta i kyrkjelydane

- Eg gleder meg mest til å komme ut i kyrkjelydane. Treffe folk og alle som utgjer det levende livet i kyrkja, seier påtropende biskop i Stavanger, Ivar Braut.

Av Tove Marie Sortland

Etter 16 år som sokneprest i Birkeeland menighet i Bergen, er det naturlig nok menighetslivet som står hans hjarte nærmast som prest. Og Braut lovar at akkurat det ikkje kjem til å endre seg, når han 19. mars startar på gjerninga si som biskop i Stavanger bispedømme.

- Det er det vanlege kyrkjelydsarbeidet som har prega meg. Og som biskop kjem eg til å ha hjarta i kyrkjelydane og det som skjer der, forsikrar han.

- Eg gler meg mest til å komme ut i kyrkjelydane. Treffe folk og alle dei som utgjer det levande livet i kyrkja. Derfor kjem eg til å vere rask med å komme rundt til alle prostia i løpet av vårsemesteret, seier Braut.

Bispedømmerådet har som formål «å vekkje og nære det åndelege livet i kyrkjelydane». Braut er ivrig på startstrekken etter å komme i gang. Orda *forkynning, kyrkjelyd og Jesus* dukkar hyppig opp i intervjuet, og gjerne vert følgd av ei gjennomtenkt konstatering.

«Kyrkjelydsbygging er lidenskap, ikkje ein teknikk eller metode», seier Braut. Og: «Forkynninga mi blir ikkje eit gjestekåseri her og der, men noko av det viktigaste eg gjer som biskop.» Og: «Vi kan nesten ikkje bli for sentrerte om Jesus. Det er Jesus og han ålene. Har vi det klårt for oss,

fell mykje anna på plass.»

Glød til å forkynna

Men Ivar Braut er ikkje typen for forenklingar og lettvinde løysingar. I nominasjonsprosessen våga han i intervju å problematisere ord som «relevans» og «popularitet». Han omtalte seg som «brubyggjer», men peika spesielt på det konservative mindretallet i Kyrkjemøtet. Maratonløparen framhevar dei lange linjene og sigerskransen, framfor snarveier og imponerande spurtar. Men kjensler, glød og lidenskap er ikkje mindre viktig.

- Det er viktig for meg å gi prestane mot til å prioritere forkynninga. Å våge å stå i det, og kjenne inspirasjon og glød til å forkynne. Det er noko av det viktigaste som kan skje i kyrkja, minst like viktig som årsplanar. Eg har sans for planar, og alle som kjenner meg veit at eg likar langsiktige planar. Men kva er det som gjer at ting eitentleg skjer? Det er fornyinga innanfrå, kjensla av at «dette vil eg ut med». Alt kyrkjelydsarbeid går ut frå forkynninga, konstaterer Braut. Og legg til at forkynninga sjølv sagt også skjer gjennom trusopplæring, diakoni og kyrkjemusikk.

Diakonien skaper truverd

- Å skape trusopplæring i fast tilknyting til alt arbeidet i kyrkjelyden, ikkje ålene som einskildtiltak, det er eit stort prosjekt for hele kyrkja. Og diakonien går som ei linje gjennom heile Bibelen. Den kan også vere eit uromoment i kyrkjelydar som ser veldig ordentlege ut, som ikkje ser ut til å ha så mykje å stri med. Men diakonien minner oss om at det alltid

er noko som er djupare, at det finns utfordrande sider i eitkvart menneskeliv, både i lokalsamfunnet og kyrkjelyden. Diakonien er eit av kyrkja sine kjenneteikn og skaper truverd for hele trua. «Truverd» er eit godt ord for å fylle ut det å vere relevant. Det er eit uttrykk for å vere ekte, autentisk. Møtet vårt med folk skaper dette truverdet. Korleis møter vi som kristne dei som ikkje vedkjenner seg til denne trua? spør Braut, og utfordrar vidare:

- Derfor er det eit poeng at kyrkjelydsmedlemmer ikkje må vere altfor travle! Vi treng tid til våre medmenneske, både våre nærmeste og dei som bur i kyrkjelyden.

Aktivitetsnivået kan bli for høgt, sjølv om det blir gjort i beste meinings, konstaterer han.

Kjærleiken til salmesongen

Å søkje både kvarandre og kjelda til tru blir derfor viktig, understrekar Braut. Ikkje minst gjennom gudstesta.

- *Kva set du sjølv pris på ved gudstenesta?*

- Bortsett frå liturgi og forkynning, som jo er rett svar for ein prest og biskop, så trur eg salmesongen er noko av det viktigaste for meg. Det er ikkje for ingenting at salmeboka er kalla «Den erfarte bibel». Kyrkjemusikken trur eg er undervurdert som kyrkjelydsbyggjande arbeid, meiner Braut.

- *Har du ein favorittsalme?*

- Eg har fleire, men typisk den som eg bestilte til avslutningsgudstenesta i Birkeland: «I Krist er ikkje aust og vest».

I Krist er ikkje aust og vest og ikkje sør og nord. Hans folk er eitt i tru og von på all den vide jord.

Ein salme passande for ein brubyggjar, som kanskje er det ordet som er mest brukt om Ivar Braut den siste tida. Braut snikra konsensus-vedtaket som samla fleirtalet i Kyrkjemøtet 2016 om å lage ein vigselsliturgi for likekjønna. Men det er ikkje ein vedtaksingeniør sin konstruksjonsiver som i første omgang pregar denne brubyggjaren. Meir eit brennande ønske om at det vert skapt ei forbindung mellom holmar og skjær i kyrkje-Norge.

- Det må vere balanse og kontakt mellom dei ulike fløyane. Vi er saman om så veldig mykje i kyrkja. Faktisk er vi er saman om det aller meste.



VIKEDAL KYRKJE

SUNDAG 7. MAI KL. 11:00

LIV ELENE HAALAND ANANIASSEN
VESLEMØY STAURLAND
STINE REIMERS
HEDDA GJERDE
ELLA KRISTINE SKIPEVÅG TVEIT
HELENE SKULERUD
LIVA IMSLAND
TORD GRIMÅS
LARS CHRISTIAN IMSLAND
HÅVARD SKIPEVÅG
BJØRN CATO AAREKOL

SANDEID KYRKJE

SUNDAG 30. APRIL KL. 11:00

JOHANNE SELVAAG
ANTONETTE EKNES BAKKEDAL
KAMILA CIESLAR
ELIAS JANSEN
JONAS VESTBØ
LARS FURSETH
JONE RØRTVEIT
FERDINAND EKNES BAKKEDAL
OSKAR LARSEN
LEIF ARNE MATRE FLATEBØ
JONAS VEIM

ØLEN KYRKJE

LAURDAG 29. APRIL KL.11:00

ALEXANDER STENE KROGH
ERLEND ANDRE NØKLAND
FRANK STOLE
GERDA-SOFIE POULSEN
INGER-HELENE GORDON HEGGEN
JONE HEGGEN
JULIE MATRE STOLE
KATE EVELYN TROVIK
MAGNUS HIKSDAL ØGLÆND
MATHIAS HARDELAND BERGE

SEBASTIAN NORDANGER
SINDRE MANNES
SOFIE HENRIKSEN

BJOA KYRKJE

SUNDAG 7. MAI KL.11:00

EIRIK HÅVARSTEIN LOTHE
ERLEND HETLAND
KRISTI GJERDE
KRISTINA ÅSBØ
TALETTA VESTBØ REIMERS

VIKEBYGD KYRKJE

SUNDAG 14. MAI KL. 11:00

ANDRÉ FOTLAND FOSTENES
EVEN LARSEN
JØRGEN VIK
MARLIN DOMMERSNES EINARSEN
MARI LARSEN (BLIR KONFIRMERT
I SKJOLD 07.05.)
MIRJAM LIODDEN
ADA NAGEL-ALNE
INGEBORG OWE
RENATE FRØVIK SVENDSBØ

KEVIN STRAND
MATEUSZ WOJCIK

TORE ALEXANDER WOLLERTSEN

SKJOLD KYRKJE

7. MAI KL. 11:00

SOLVEIG KARITAS ALME
SOLVEIG TERESE FJELDHEIM
INGRID HANDELAND (BLIR KON-
FIRMERT I VIKEBYGD 14.05.)
SINA KRAKK
TINA HUNDHAMMER REED
HEDDA MOE SKATTKJÆR
MARITA VESTRE
FRIDA AASE (BLIR KONFIRMERT I
VATS 30.04.)
EIRIK JOHNSEN EIDE
ALEXANDER FØRLAND
OLAV HAUGEN
HEINE ERIK HUSTVEIT
ANDERS HÅVARDSHOLM
ODD OLAV MORTVEIT
KRISTIAN NESHEIM
SANDER KVINNESLAND RUGTVEIT
MARTIN SKJØLINGSTAD


VATS KYRKJE

30. APRIL KL. 11:00

GERD CECILIE GJERDE
ANNA HASLEMO
KAMILLA RØDDE NESHEIM
KAROLINE OHM
KAROLINER A. NESHEIM TJELMELAND
HENRIETTE UTAAKER
MARIA VELDE
TROND HAUSO DØVIK
MAGNUS LANDA
CILIUS MOHAMMED MBALLOW
ANDRÉ NORDTVEIT
MAGNE NORDTVEIT



Foto: Robert Dreier T. Holand



Vikebygd kyrkje 4. mai

Konsert med Tom Roger Aadland

- Vi er så heldige å ha fått Tom Roger Aadland til å ha ein solo konsert i Vikebygd kyrkje Torsdag 4 mai kl. 19:30, fortel Aud Jorunn Tordal.
- Dette er hans første kyrkjekonsert i heimbygda, vi gler oss!

Tom Roger, som vaks opp i Vikebygd, har både utdanning og yrkeskarriere innan musikk. Han er etter kvart vor-

ten kjend både i inn- og utland etter å ha gjeve ut fleire CD'ar, både med gjendikting av Bob Dylan sine kjende songar til nynorsk og med songar han sjølv har skreve. Dette har ført til rosende omtalar i mange media. Hans nyaste album, «Blondt i blondt» vart kåra til Årets album av NRK i 2016. Den 4. mai er det Tom Roger og gitaren vi kan få lytta til.

Lys vaken



Aktivitet: Borna pyntar T-lys glas

Av Guri Gjerde

Laurdag 26. November møtte 15 forventningsfulle born i alderen 10-11 år opp i Vikedal kyrkje. Dei skulle feira det nye kyrkjeåret på sin måte og hadde med seg både lommelykt og laurdagssnop. Hilde starta kvelden med leikar slik at dei skulle bli kjent med kvarandre og kyrkja. Gjengen vart delt inn i 3 grupper med oppgåve å løysa ein rebus. Dei skulle samla bokstavar rundt om i kyrkja.

Så bar det bort til den gamle barnehagen der dei pynta kvar sine glas som dei kunne ha telys i. For å bli kvitt litt overskuddsenergi gjekk turen til gymsalen, medan foreldra stelte i stand laurdagstaco. Og det smakte godt! Deretter gjekk turen attende til kyrkja der me såg 'Camilla og Tyven' på storskjerm.

Igjen vart gjengen delt inn i 3 grupper og no var turen komen for oppgåver ute. Ute var det mørkt så då var det godt å ha lommelykter. Etter me kom i mål var det tid for å gira ned, all elektrisk lys var av, berre stearinlysa var i bruk. Borna slappa av påputer på golvet og hørde Britt Karstensen fortalte historia om Samuel.

Då tida nærma seg midnatt bar det opp i kyrketårnet saman med kyrkjetenar Olav Eikeland, for å ringa inn det nye kyrkjeåret. Her var borna med å dra i sjølve klokkesnoren, dette var moro.

Ein triveleg kveld både for born og voksne. Takk til frivillige og foreldre som var med.

NMS fyller 175 år

Av Trond Hjorteland, NMS

I 1842 vart Det Norske Misjonsselskap (NMS) stifta i Stavanger, og det skal vi markera i sommar frå 28. juni til 2. juli med både Sommarfest, generalforsamling og 175-årsjubileum – i Stavanger, sjølv sagt.

Det blir nokre dagar tettpakka med variert program i Stavanger Forum på Tjensvoll. Tomm Kristiansen kåserer. Det blir musikk, humor og grenselaus energi med Heine Totland og Gisle Børge Styve. Biskop Per Arne Dahl leier salmesong med Ole Paus og Helene Bøksle på Domkirkeplassen. Og saman med kora: Stavanger Gospel Company og Voice of Joy, skal vi syngja til halsen blir sår. Sjølv sagt ser vi oss også tilbake – på humoristisk vis med humorgruppa «Galen i Halen» og førestillinga «Luther med latter» – men mest av alt ser vi framover!

NMS i bevegelse



NMS er i bevegelse, og den som bevegar er Gud. Han vil at vi skal bli bevega slik at fleire menneske deler trua på Jesus, fattigdom blir utrydda og urettferd blir bekjempa. 28. juni – 2. juli 2017 går NMS sin Sommarfest & generalforsamling av stabelen i Stavanger Forum.

Form og innhold er variert – men intensjonen den same: Å dela det kristne fellesskapet med folk i alle aldrar og frå ulike delar av Guds verdsvide kyrkje. Saman vil vi bevegast av Guds grenselause kjærleik – for å bevega andre!

Meld deg på!

Det er også 175 år sidan NMS vart grunnlagt, og vi planlegg ei stor jubileumsfeiring. I løpet av sommarfesten skal vi også drøfta NMS sin strategiplan og velja nytt landsstyre. Vi vil at du skal vera med å staka ut kurser NMS skal ha i dei nærmeste åra.

Tema for årets sommarfest er «Grenseløst?». Det er fordi Guds kjærleik er større enn den største synd, nåden er utan ende og fordi kallet til å dela trua er grenselaus – det gjeld alle menneske!

Du er grenselauast velkommen til sommarfest! Meld deg på ved å gå inn på nms.no/sommarfest – eller ta kontakt med NMS sitt infosenter på tlf. 51 51 61 00.

Velkommen til Sommerfest

28. juni - 2. juli i Stavanger

Det blir musikk og humor med Heine Totland og Gisle Børge Styve. Tomm Kristiansen kåserer. Per Arne Dahl leder salmesang med bl.a. Ole Paus og Helene Bøksle. I tillegg blir det seminarer, møter og utfukter.

For påmelding:
www.nms.no/sommarfest
facebook.com/nmssommerfest



Velkommen til
Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg.
Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon,
Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

LES MER PÅ LVS.NO

LUNDENESET VGS
Vi er en del av NLMVGS
LUNDENESET VGS
Vi er en del av NLMVGS
LUNDENESET VGS

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpelheitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

Knaphus BIL



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

Knaphus Dekk & Bilverksted



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank SR-BANK



joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

 **Ølen Blomster**

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no



Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61
Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

STELL AV GRAVPLASSER!

Kontakt Miriam:
93 21 66 79 / 52 75 88 60



FRÅ KYRKJEBOKA

BJOA

Døde:

- 20.03. Sigmund Strandheim f. 1926
21.03. Aud Kårstad Torsen f. 1943

IMSLAND

Døypte:

- 05.02. Håkon Hustveit Høiland
26.02. Saga Krokedal

ØLEN

Døde:

- 04.01. Jon Garpestad f. 1922
20.01. Olaug Berit Fosso f. 1932
27.01. Tordis Kristine Olsne f. 1940
27.01. Martha Ninni Garpestad f. 1930
29.01. Laila Haugland f. 1933
03.02. Marta Kjellesvik f. 1935
12.02. Arnhild Lone f. 1944
03.03. Anna Sigrun Rødne f. 1930
15.03. Bent Viggo Christoffersen f. 1934
15.03. Ingfrid Vetrus f. 1964

Døypte:

- 15.02. Iben Olene Gjendem Hovland
15.02. Nicohlas Hoggett
15.02. Eirik Hoggett
12.03. Mille Waage Vaka
12.03. Hedda Solberg
12.03. Iver Vårvik Matre
12.03. Markus Aarekol Johnsen

SANDEID

Døde:

- 28.02. Neringa Kiske f. 1983
14.03. Gunnhild Tomine Helgeland f. 1929

Døypte:

- 12.02. Odin Berg
05.03. Amalie Opheim Lærdal
26.03. Sivert Eikjeland Sørheim

VIKEBYGD

Døypte:

- 12.03. Sofie Birkeland Sætre
12.03. Ine Amdal Pedersen

SKJOLD

Døde:

- 25.01. Astrid Frøvik Østrem f. 1934
03.02. Erling Galland f. 1928
24.02. Solveig Skjold f. 1923

Døypte:

- 21.03. Cilius Mohammed Mballow

VATS

Døde:

- 24.01. Nils Arthur Skrunes f. 1934
11.03. Judith Bergitte Ohm f. 1935

Døypte:

- 26.02. Linn Margareth Nilsen
26.02. Lilli Sørhus
26.02. Astrid Amdal-Villo
19.03. Nora Nesheim Bakkevold
19.03. Sigrid Gundersen Langlandsvik

VIKEDAL

Døde:

- 10.02. Lars Kåre Hamre f. 1932
05.03. Margreta Blikra f. 1924

Døypte:

- 29.01. Sol Ingela Birkeland

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Dato	Kl.	Kyrkje	Info
9. april Palmesøndag Joh 12, 12-24	11.00 12.00	Skjold kyrkje Fjellstøl	Norheimsund og Øystese ungdomskor. Misjonsoffer. Gudsteneste. Takkoffer: Diakoniarbeidet. Konfirmantane møter.
13. april Skjærtorsdag Matt 26, 17-30	19.00 19.00 19.00	Vikedal kyrkje Ølen kyrkje Vats kyrkje	Høgmesse. Takkoffer: Diakoniarbeidet. Nattverd. Takkoffer: Modum Bad. Nattverd. Takkoffer: Kirkens SOS. Nattverd.
14. april Langfredag Luk 22,39 – 23,46	11.00 11.00	Imsland kyrkje Skjold kyrkje	Pasjonsgudsteneste. Takkoffer: Kirkens Bymisjon, Haugesund. Pasjonsgudsteneste. Takkoffer: Israelsmisjonen.
16. april Påskedag Luk 24, 1-9	11.00 11.00 11.00 17.00 17.00 18.00	Vikedal kyrkje Vats kyrkje Ølen kyrkje Vikebygd kyrkje Bjoa kyrkje Imsland kyrkje	Høgtidsgudsteneste. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet. Dåp. Nattverd. Høgtidsgudsteneste. Takkoffer: Stavanger bispedømeråd. Nattverd. Takkoffer: Utstein Pilgrimslogg. Høgtidsgudsteneste. Takkoffer: Misjonsalliansen. Nattverd. Takkoffer: Utstein Pilgrimslogg. Høgtidsgudsteneste. Takkoffer: Frelesarmeene. Nattverd. Kyrkjekaffi.
23. april 2. s. i påsketida Joh 21, 1-14	11.00 17.00	Sandeid kyrkje Skjold kyrkje	Takkoffer: Øystein-show i Ølen. Nattverd. G 17-gudsteneste. Takkoffer: Kirk. ressurssenter mot vold og seksuelle overgrep. Nattverd.
26. april	18.00	Sandeid kyrkje	Samtalegudsteneste. Festsamvere Sandeid samfunnshus.
28. april	18.00	Skjold kyrkje	Samtalegudsteneste.
29. april	11.00	Ølen kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.
30. april 3. s. i påsketida Joh 10, 11-18	11.00 11.00 11.00	Sandeid kyrkje Ølen kyrkje Vats kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste. Takkoffer: Konfirmantarbeidet. Konfirmasjonsgudsteneste. Takkoffer: Acta Normisjon. Konfirmasjonsgudsteneste. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.
3. mai	18.00	Vikedal kyrkje	Samtalegudsteneste. Festsamvere Vikedal bygdehus.
5. mai	18.00	Vikebygd kyrkje	Samtalegudsteneste. Takkoffer: Feedback.
7. mai 4. s. i påsketida Joh 16, 16-22	11.00 11.00 11.00	Skjold kyrkje Vikedal kyrkje Bjoa kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste. Takkoffer: Barne- og ungdomsarbeid i Skjold kyrkjelyd Konfirmasjonsgudsteneste. Takkoffer: Konfirmantarbeidet. Konfirmasjonsgudsteneste. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.
14. mai 5. s. i påsketida Joh 15, 1-8	11.00 11.00 11.00	Ølen kyrkje Vikebygd kyrkje Imsland kyrkje	Takkoffer: Kyrkjas SOS Konfirmasjonsgudsteneste. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet. Høgmesse. Takkoffer: Konfirmantarbeidet. Dåp.
17. mai Grunnlovsdag Luk 1, 50-53	10.00 10.00 10.00 11.00 11.00 11.30 11.30 12.30	Vats kyrkje Bjoa kyrkje Vikebygd kyrkje Sandeid kyrkje Imsland kyrkje Skjold kyrkje Ølen kyrkje Vikedal kyrkje	Takkoffer: Misjonsprosjektet. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet. Takkoffer: Kirkens Bymisjon Haugalandet. Festgudsteneste. Takkoffer: Redd Barna. Festgudsteneste. Takkoffer: Redd Barna Takkoffer: Trusopplæring i Vindafjord. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet. Festgudsteneste. Takkoffer: Redd Barna.
21. mai 6. s. i påsketida Luk 18, 1-8	11.00	Vats kyrkje	Takkoffer: Nytt soknehus.
	11.00	Vikedal kyrkje	Høgmesse. Takkoffer trusopplæringa i Vikedal. Nattverd.
25. mai Helgetorsdag Mark 16, 19-20	11.00	Imsland kyrkje	Familiemesse for heile Vindafjord. Takkoffer: NMS. Nattverd. Sosialt samvere.
28. mai Søndag før pinse Joh 15, 26-27	11.00 11.00 17.00	Ølen kyrkje Sandeid kyrkje Skjold kyrkje	Takkoffer: Brandøy Familiegudsteneste. Dåp. Takkoffer Norsk kyrkje i utlandet. G 17-gudsteneste. Takkoffer: Misjonsprosjektet. Nattverd.

“Lat oss ikke halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)

MØTE OG ARRANGEMENT

Vågen bedehus

9.4.	søndag	11.00	Søndagsmøte Talar: Eirik Stople
13.4.	torsdag	11.00	Nattverdmøte Talar: Arne Borgemyr
16.4.	søndag	11.00	Høgtidsmøte, NLM Talar: Kristoffer Ueland
19.4.	onsdag	19.30	Bønnemøte
19.4.	onsdag	20.00	Laget Gneisten, NKSS
22.4.	lørdag	20.00	Loftet
23.4.	søndag	13.00	Søndags-aktiviteten
26.4.	onsdag	18.00	Bedehusbasar Talar: Leon Dyngeland
30.4.	søndag	11.00	Søndagsskule
3.5.	onsdag	19.30	Bønnemøte
6.5.	lørdag	20.00	Loftet
7.5.	søndag	11.00	Søndagsmøte
10.5.	onsdag	19.30	Bønnemøte
14.5.	søndag	11.00	Søndagsskule
14.5.	søndag	19.30	Søndagsmøte Talar: Sondre Bø
21.5.	søndag	11.00	Søndagsmøte, NLM
24.5.	onsdag	19.30	Bønnemøte
27.5.	lørdag	20.00	Loftet
28.5.	søndag	13.00	Søndags-aktiviteten
31.5.	onsdag	19.30	Bønnemøte

Bedehusa i Vats

6.4.	torsdag	18:00	Kårhus. Søndagsskulen-Påskevandr.
12.4.	onsdag	19:30	Via Dolorosa Vats kyrje
19.4.	onsdag	19:30	Samemisjonen Øvre Vats
22.4.	laurdag	13:00	Vår-basar i Vats. På skulen.
24.4.	onsdag	19:00	Basar Kårhus bedehus
26.4.	onsdag	19:30	Indre sjø Blikrabrygda
27.4.	torsdag	20:00	Påfyll. Øvre Vats (Bønnemøte kl 19:30)
3.5.	onsdag	19:30	Kårhus
10.5.	onsdag	19:30	NMS Øvre Vats
1.6.	torsdag	20:00	Påfyll. Øvre Vats (Bønnemøte kl 19:30)

Pensjonistmøte i Vats, Vindafjordhallen

25.4.	måndag	17:00	Kjellarstova. Kåsør: Dr. Kleiven
30.5.	tysdag	Dagstur til Austevoll i lag med Skjold	

FamilieKRIK

23.4.	søndag	16:00	FamilieKRIK i Skjold Arena
14.5.	søndag	16:00	FamilieKRIK i Skjold Arena
17.-18.juni		Telttur. Meir informasjon seinare.	

Utbjoa bedehus

8.4.	laurdag	16:00	BASAR
------	---------	-------	--------------

Kyrkjetur i Ølen

Bønnesamling onsdagar	19:30	dei dagar det ikkje er anna arr.
Innvandrarsamling kvar	Torsdag	kl. 17:30.
6.4.	torsdag	11:00 Torsdagstreff
6.4.	torsdag	19:30 Song/salmekveld v/Eivind Skeie
7.4.	fredag	19:30 Bønne- og Lovsangskveld
19.-27.4.		Møteveke m. Martha og Edgar Paulsen
21.4.	fredag	17:00 Korøving «Kids of Joy»
21.4.	fredag	18:00 Klubb
5.5.	fredag	18:00 Klubb

7.5. søndag 11:00 Showit

19.5. fredag 19:30 Bønne- og Lovsangskveld

16.6. fredag 19:30 Bønne- og Lovsangskveld

Forbehold om endringar - sjå www.kyrkjetur.no

Vikebygd bedehus

20.4. torsdag 19:30 Møte

11.5. torsdag 19:30 Møte med Normisjon v/M. Brynjelsen

Innbjoa bedehus

19.4. onsdag 19:30 Bønnemøte

20.4. onsdag 10:30-12:00 Formiddagstreff

27.4. onsdag 18:00 Bedehusbasaren

3.5. onsdag 19:30 Bønnemøte

10.5. onsdag 19:30 Omsdagsmøte

28.5. søndag 17:00 Familiemøte

31.5. onsdag 19:30 Bønnemøte

7.6. onsdag Sommaravslutning med grilling (sjå plakat)

Sandeid bedehus

10.4. måndag 19:00 Bønnemøte

17.4. måndag 19:00 Bønnemøte

24.4. måndag 19:30 Fellessamling (møte)

Bedehusa i Skjold

6.4. torsdag 19:00 Isvik: Husfreden Basar

18.4. tysdag Isvik: NMS Misjonsselskapet

25.4. tysdag Ersland: Norsk Gideon

27.4. torsdag Ersland: Bønemøte

2.5. tysdag Austrheim: Opne Dører

9.5. tysdag Isvik: NLM Misjonssamband

11.5. torsdag Ersland: Bønemøte

23.5. tysdag Ersland: Flymisjonen

30.5. tysdag Austrheim: NMS Misjonsselskapet

Vår-basaren i VATS!

Laurdag 22. april kl. 13:00, på skulen. Andakt og song, Miniklang. Kafé med graut, kaker, kaffi og fruktspyd. Sal av heimebakst: Lefser m.m. Lodd- og åresal. Lykkehjul og trylleshow. Arken.Vats bedehus/soknehus-foreining

Vennekonsert i Skjold kyrkje

Torsdag 4. mai kl. 18:00 Vennekonsert i Skjold kyrkje med Joy, Skjold barnekor og Vats miniklang. Gratis inngang. Det vil bli høve til å gi kollekt til eit godt formål. Etter konserten blir det noko å bita i. Velkommen til store og små.

Påskevandring på Kårhus bedehus

Torsdag 6. april kl. 18:00. Søndagsskulen lagar til påskevandring. Start med kveldsmat saman med barnekoret. Håpar du også kjem!

NMS Misjonsstemne for hele Vindafjord

Øvre Vats bedehus, torsdag 8. juni kl. 19:00. Misjonærane Solveig og Dag Johannessen fortel om arbeidet dei har vore opptatt av sidan dei drog til Thailand for 18 år sidan, - med tale, bilde og lyd presentasjon. Anne Marie Reimers, som nettopp har vore ein tur til Madagaskar, fortel siste nytt frå «Solskinnsøya». Bevertning, mykje song og musikk. Kollekt til NMS. Alle er hjartelig velkomne!

KÅRHUS bedehus Basar onsdag 24.mai kl.19.

Andakt: Roar Vik. Sang: Randi Gjellestad. Mat og kaffi. Krakk og Nesheim kv.for.

Familieleir på Gullingene



Av Hanne H Brekke

«Vi skal være sammen, vi er verdens beste gjeng. Kobla på helt fra topp til tå her på leir, her på leir...».

Denne teksten er eit utdrag frå leirsongen dei hadde når familieKRIK Skjold arrangerte familieleir på Gullingene. Det var over 50 spente fjes frå Skjold, Vats og Ølen som møtte opp på Gullingene fjellstove 17. februar for å delta på familieleir. Det heller grå vintervêret la ingen dempar på stemninga. Inne venta god mat, familiesamlingar og aktivitetar.

Fredagskvelden starta med inn-

tak av heimelaga pizzaboller i stova etterfølgt av ei kveldssamling. På programmet denne helga var også aking, skigåing og vinterleik. Borna fekk startnummer på magen og gjekk skiløp med dei vaksne som ivrig heiagjeng. Alle fekk diplom og medalje for god innsats.

Eit av høgdepunkta laurdag ettermiddag var stafetten for born og vaksne inne i stova. Dette var ein spontan stafett som borna hadde laga til i løpet av dagen. Her måtte dei vaksne blant anna hoppa, hinka og gå museskrift. Det var ikkje noko å seie verken på innsatsen frå delta-

karane, eller dei ivrige heiaropa frå sidelinja.

Etter at tacoen var servert laurdag kveld, vart det film for borna, medan dei vaksne fekk påfyll frå ein lokal talar. Ungane avslutta kvelden med diskos, medan dei vaksne fekk ein drøs over ein kaffikopp og friska opp att gamle leikar frå ungdomstida.

Leiren vart gjennomført i god KRIK-Kånd, der alle bidrog på ulike vis med for eksempel dekking av bord, matlaging, oppvask, song, leiker, leiing av møter og andakt. På søndagen kom det fleire attendemeldingar til styret om at dei burde arrangere ein ny leir ved eit seinare høve.

Familieshow i Ølen kulturhus 13. mai kl. 15:00

Av Steinar Skartland

Anne-Lise Brekke Lien har gått i bresjen for å få til dette «søndagskuleshowet», som vi presenterte i førre nummer av Hyrdingen. Det blir også lokale born med på scenen og i eit lite skodespel. Dette gler meg oss til og vonar mange vil komma. – Det passar også for vaksne, presiserer Anne-Lise som har fått med seg lokale medhjelparar på dugnad med å pakka og dela ut invitasjon med CD av Øystein og Chris i postkassane. CD'en er laga av Ungdom i Oppdrag. Kostnaden må dekkast lokalt. – Me er heilt avhengige av gåver og støtte



frå privatfolk, bedrifter, sokneråd og andre for å dekka utgiftene, fortel Anne-Lise. Det skal vera heilt gratis å koma på søndagskuleshowet, men

ho oppfordrar til frivillige gåver og støttebeløp som kan sendast til bankkonto: 3240.07.07897 eller med Vips.

Det som til nå er kome inn er eit godt stykke frå å dekka utgiftene, men ho er takksam til dei som har gitt støtte. Gåver mottas med takk!

- Me treng også dugnadsfolk til basking så det kan bli litt å bita i etter-på showet. Dei som vil hjelpe til kan kontakta Anne-Lise på telefon 922 66 789.

- Kristne barnelag, speidargrupper o.l. kan få presentera seg med stand i foajeen på kulturhuset etter showet, fortel Anne-Lise ivrig. Ta kontakt på førehand.

Åndaktstefonen
380 91 700
Åpent hele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag

Tjenesten
er gratis

**Korleis har du det...
EIGENTLEG?**

Eit menneske å snakke med
når livet er som verst
SOS-Chat: www.soschat.no

SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Kirkens SOS
815 33 300

Neste nummer av Hyrdingen
kjem ut 1. juni.
Frist for levering av stoff er
8. mai.